



## VOSS SONG OG MUSIKKRÅD

### VEDTEKTER

Vedteke på skipingsmøte den 4. oktober 1978, med endringar 1. des. 1983, i 1986  
27. november, 1996 og den 26. november 2009.

#### §1. FØREMÅL

Voss Song- og Musikkråd er eit samarbeids- og interesseorgan som har til oppgåve å:

1. Arbeida for å fremja musikklivet i kommunen organisatorisk og praktisk.
2. Samordne studieverksemd og vaksenopplæring for dei laga som fyller krava for stønad frå VO-midlar.
3. Vera ein bindelekk mellom song- og musikklivet og den kommunale nemnd for kultursaker. Vera rådgjevar for kommunen i musikksaker.

Rådet er partipolitisk nøytralt.

#### §2. MEDLEMSKAP

Alle grupper, foreiningar, lag eller organisasjonar i Voss som driv med song og musikk, kan verta medlemmer i Voss Song- og Musikkråd.

Ordinære medlemmer er lokallag av organisasjonar som er medlemmer i dei landsomfattande organisasjonane der medlemskapen gjev rett til VO-midlar. Desse kan få tilskot frå kommunale kulturmidlar.

Assosierte medlemmer er organisasjonar eller institusjonar (skular) i kommunen med musikk som sentral oppgåve. Dei som vert drevne av offentlege midlar, bør ikkje ha same rett til tilskott frå kommunale kulturmidlar.

Rådet skal ikkje ha medlemspengar, men kvart år søkja Voss kommune om midlar til administrasjonsutloger.

#### §3. ORGANISASJON

Voss Song- og Musikkråd er ein lokal organisasjonslekk av Norsk Musikkråd Hordaland, tilslutta Norsk Musikkråd, med ansvar for eige budsjett og eigen administrasjon innan dei rårer som er gjevne av Norsk Musikkråd.

#### §4. ÅRSMØTE

Årsmøtet er rådet si høgaste myndigheit og vert halde innan 1. feb. kvart år. På årsmøtet møter 2 representantar frå kvart lag. Kvar representant frå lag med ordinært medlemskap har ei røyst. Representantar frå lag med assosiert medlemskap har ikkje røysterett, men talerett og rett til å koma med framlegg.

Styret har ikkje røysterett ved handsaming av rekneskap og årsmelding.

Styret kan invitara gjester, observatorar og representantar for samarbeidande organisasjonar og institusjonar til årsmøtet. Årsmøtet kan gje desse talerett i einskildsaker.

Innkalling til ordinært årsmøte vert sendt ut av styret seinast 1 måned før årsmøtet vert halde.

Framlegg til saker ein ynskjer handsama på årsmøtet, må sendast styret seinast 14 dagar før møtet. Styret sender ut sakliste seinast 1 veke før årsmøtet.

#### ÅRSMØTET SKAL:

1. Godkjenna representantane sine fullmakter.
2. Godkjenna sakliste og forretningsorden.
3. Velja møteleiar og skrivar:
4. Godkjenna styret si innstilling vedrørende søknader om medlemskap. ✓
5. Handsama årsmelding og godkjenna rekneskapen.
6. Handsama innkomne framlegg og saker som står på saklista.
7. Handsama styret sitt framlegg til handlingsprogram.
8. Velja fylgjande tillitsmenn:
  - a. Formann, veljast serskilt for kvart år
  - b. 4 styremedlemer
  - c. 3 varamedlemer til styret
  - d. 2 revisorar
  - e. Valnemnd på 3 personar med varamedlemer

Alle val går føre seg skriftleg om det ligg føre meir enn eitt framlegg, eller om nokon krev dette.

Styremedlemene vert valde for to år. (Etter det fyrste ordinære året er to styremedlemer på val, slik dette årsmøtet har bestemt ved lutdraging).

Varamedlemene vert valde for eitt år.

#### OMFRAMT ÅRSMØTE

Styret kallar inn med minst 14 dagars varsel til omframnt årsmøte, dersom det vert kravt av minst fire av laga, eller dersom det ligg føre samrøystes vedtak i styret.

Omframnt årsmøte kan berre handsama saker som er på saklista.

#### §5. STYRET

Styret har ein leiar og fire styremedlemmer valgt av årsmøtet. Styret velger sjølv. nestleiar.

Styret sine arbeidsoppgåver:

1. Setja iverk vedtaka til årsmøtet.
2. Utarbeida årsmelding og føra rekneskap over utlogene.
3. Fremja framlegg til budsjett og handlingsplan.
4. Koordinera og spreia tilskipingar, setja opp terminliste og freiste fordela oppgåvene mellom dei ymse kor og musikklag.
5. Samordna øvingskveldar og bruk av øvingslokale så langt dette er råd.
6. Kartleggja behovet for gruppeøvingar, lag-leiarar, stemmeøvarar og dirigentar i heile kommunen. Koordinera opplæringa i samsvar med vaksenopplæringa.
7. Avdekka og kartleggja andre behov og ynskje innan og mellom dei ulike lag, og fremja dette for kommunen.
8. Medverka til at vert ein fast månadleg kulturkveld i kinosalen i vinterhalvåret.
9. Arbeida for at tilbodet av underhaldning til institusjonar og andre vert spreidde jamt over heile året og organisert i fastare former. Ein bør og arbeide saman med andre kulturutøvarar for å kunne gje eit meir allsidig tilbod.

(Evt kan punktene 3-9 erstattes av ett punkt: Fremja framlegg til handlingsplan)

Styret er vedtaksført når minst formann eller nestformann og to styremedlemer er til stades. Ved likt røystetal har leiaren dobbeltrøyst.

#### §6. ENDRING I VEDTEKTENE

Endringar i desse vedtektene kan berre finna stad på eit ordinært årsmøte. Til gyldig vedtak trengs 2/3 røystefleirtal. Endringar i vedtektene skal leggjast fram for Norsk Musikkråd Hordaland til endeleg godkjenning.